



ÅRSMELDING 2021

Innhald:

Rådsleiar sine refleksjonar	Side 2
Organisasjon	Side 3
Kyrkjeleg arbeid og aktivitetar	Side 9
Kyrkjer og kyrkjegarder	Side 20
Økonomi	Side 22



Påsketreet i kyrkjestallen

RÅDSLEIAR SINE REFLEKSJONAR

Året som gjekk, åra som går og blir til levd liv. Attendeblikk på ei årsmelding.

Som barn har eg eit minne frå skulen da eg venta på at siste time skulle ta slutt og eg kunne gå heim. Eg såg og såg på klokka, men sekundvisaren fløtte seg nesten ikkje. Minutta var som ei evigheit. Det har eg aldri kjent på i ettertid. Og da tida kom for å skrive leiår sine tanker om året som har gått var fysiske tankar: alt nå? Samtidig viser årsmeldinga oss at året som har gått så fort var fullt opp av små og store hendingar, arrangement, kyrkjelege handlingar og krevjande saker. Ein liten, men profesjonell stab har bidrege til mediaomtale i mange riksdekkande medier som vårt Land, Fagbladet og Norsk Husflid samt mange i lokalpressa. Sjå årsmelding. Open Eysteinkyrkje hadde mange besøkjande nokre sommarveker. Det er mange menneskje som har vore i kontakt med kyrkjene våre.

Samstundes når eg ser attende på alt arbeidet som er lagt ned av staben vår, alle hendingar som har vore og alle pengane vi har brukt har nok dagane vore brukt godt. Ikkje minst når eg ser på restaurering av Dombås Kyrkje og kor lang tid det tek. Eit bygg som er vanskeleg å planlegge heilt frå starten da det stadig dukker opp nye utfordringar. Det har vore nødvendig med samarbeidet med arkitekt, byggeleiår, kyrkjeverge og rådet. Vi har leigd inn eksterne konsulentar på områder der vi har hatt bruk for ekstra kompetanse.

Det er ei krevjande periode å vera rådsmedlem, men og lærerik og interessant. Som rådsleiår er eg takksam for at eg har det rådet eg har, dykk stiller alltid opp, positive og engasjerte. Da går arbeidet så mykje lettare.

I ein leiår i årsmeldinga vil eg og trekke fram dei frivillige. Alle dykk som stiller som kyrkjevert, tekstlesar, som pyntar eller stiller opp med musikkinnslag, smør mat til konfirmantar eller andre små og store oppgåver. Kyrkjene i Dovre hadde aldri vore det same utan alle dykk.

Rådet stod hausten 2021 med takstein frå Dombåskyrkja. Kvar ein skulle bankast på og sorterast. Eg trong berre spørje ein kar og så var dei frivillige på plass og jobben gjort på nokre kveldar. Dette eit eksempel på Dovre og kyrkja sin store styrke. Takke til kvar og ein.

På grunn av Covid måtte vi endre på medarbeiderkvelden og valde da konsert i Dovrekyrkja med enkel servering. Vi skal ta det att seinare.

Covid har vore ei utfordring for kyrkja, men mest for dykk i soknet som har mista kjære i tider der det har vore restriksjonar for kor mange som kan møte. Ei gravferd er siste avskjed og da skal alt vera slik dei pårørande ynskjer for å heidre minnet.

Når eg ser attende på fjoråret er det mange utfordringar som vart løyst så godt vi kunne, stab, sokneprestar, Rådet og sokna, i lag. Og med krigsutbrotet i Ukraina kom tankane om at verken Covid eller krevjande byggevedtak er noko å fokusere på. Vi lever godt i Dovre, la oss legge året 2021 bak oss i takksend og fokusere saman fram i felleskap og fred. Vi klarer det meste i lag i denne bygda.

Takk alle saman.

Guri Ruste, rådsleiår

ORGANISASJON

Mål og planer

Kyrkjeplanen er kyrkja sin verksemdsplan som seier kva visjon vi har, kva områder som blir prioritert og kva vi ynskjer å oppnå. Planen går ut frå kyrkjjas formål: DNK er ei evangelisk-luthersk kyrkje,- ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.

Visjon: Ei kyrkje for alle – heile livet.

Status for vedtatte tiltak og fokus i 2021

- ✓ Gjennomført
- I arbeid
- Ikkje igangsett

Gudstenester og kyrkjelege handlingar

- ✓ Sjå på gudstenesteplanen og finne høve som kan gje folk ekstra grunn til å koma.
- Verve fleire kyrkjeverter.
- ✓ Vidareutvikle eit «utandørs-heilårskyrkjerom» på Dombås.

Barn og unge

- ✓ Dåp som tema i kyrkjeblad og heimeside.
- Revidere trusopplæringsplan.
- ✓ Sammen med skule og barnehage sjå på samarbeid og arbeidsmetode. Lage årsplan for tiltak/samarbeid.

Diakoni

- Rekruttere ny diakon.
- Tilby kvardagsfellesskap med måltid.

Kyrkjemusikk og kultur

- ✓ Arrangere konsertar (m/ korona-tiltak) m.a. små orgelkonserter.
- Koble jubileer (komponist/salmedikter) mot salmekvelder.
- Markering av 1000 år sidan møtet mellom Dale-Gudbrand og Heilag Olav.

Kyrkjebygg og kyrkjegarder

- Restaurere Dombås kyrkje.
- Fullføre sikringsprosjektet.
- Vedta verneplan for gravminner på Dovre kyrkjegard.
- Måle gjerdet rundt Dombås kyrkjegard.
- ✓ I lag med reiseliv, kommunen og friviljuge halde kyrkjene sommerope.

Informasjon, kunngjering og samfunnskontakt

- ✓ Aktiv bruk av FB-side og heimeside.
- ✓ Informasjon om restaureringen av Dombås kyrkje.

Organisasjon og personal

- Utarbeide plan og starte stabs-utvikling.
- ✓ Korte opplæringsbolker i rådsmøter.

Dovre kyrkjelege råd 2019-2023

- Valgt frå Dombås sokn: Eli Nytrøen Lyngen, Randi Brennhaug, Hanna Mølmen, Jomund Endre Angard. Vara: Knut Arne Berget, Kirsti Vik Hjerkind, Randi Løkken Aspehol, Berit Kleiven Kronberget, Irene Olsen Aavangen. Johnny Raatrø gjekk ut av rådet 21. oktober 20.
- Valgt frå Dovre sokn: Guri Ruste, Per Anders Håvelsrud, Anne Brit Roen Eriksen, Marit Reidun Bø Svestad. Vara: Helle Hundevadt, Hans Ingvald Hovde, Ann Jorunn Storengen, Wenche Håvelsrud, Svein Rune Berg.
- Geistleg representant (utnevnt av biskopen): Sokneprest Elisabeth Torp. Prosten er varamedlem. Frå 18.11.21 er Roar Bredvei utnevnt som vara.
- Kommunal representant: Knut Nytn. Irene Olsen Aavangen er varamedlem.
- Guri Ruste valgt som leiar og Eli Nytrøen Lyngen som nestleiar.

Møter og saker

Dovre kyrkjeleg råd har i 2021 hatt 9 møter og handsama 35 saker.

Nye Dombås kyrkje har vore sak på kvart rådsmøte. DKR har ellers behandla kyrkjeplan med fokus på tiltak 2021, utlån altarbrunn, revidering av økonomireglement og reglement for påskjønnelser og oppmerksomhet, høyring felles sokneråd og ny kyrkjelege organisering, diakonstillinga samt dei vanlege rådssakene som årsmelding, økonomi, gudsteneste- og offerplan.

- Fem informasjonsmøter om Nye Dombås kyrkje: 16. mars, 6. mai, 7. juni, 22. september og 30. november. Tema: Status, framdrift, planer og skisser.
- Kyrkjelydsmøte 7. juni: Medarbeiderundersøkelse v/Jorun Vang. Årsmelding.

Personale

DKR er arbeidsgjevar for dei kyrkjeleg tilsette.

Fast tilsette (5 personar i tilsaman 3,25 årsverk):

Kyrkjeverje	80 %	Elin Marit Andgard, 20 % ekstra til Dombås kyrkje
Sekretær	35 %	Vidar Aas
Kantor	80 %	Jørgen Brandli
Kyrkjetenar	100 %	Ola Rindal
Kyrkjetenar	30 %	Bjørn Lund
Diakon	50 %	Vakant

Midlertidig tilsette:

Borghild Skarelven (kontorarbeid, arbeidspraksis via NAV til 10.5.21).
Reidun Frikstad Lunde (ca 80 timer – kontorarbeid mai-juli).
Erik Magnus Andgard (kyrkjetenar-vikar).
Ole Andeas Bjølverud Aas (grøntarbeid og måling).
Ann Mari Ruste (guide Eysteinkyrkja omlag 10 dager).

Prosjektstilling:

Diakon og prest Anna Elisabeth Gestsdottir hadde 100 % prosjektstilling i 3,5 månad for å utarbeide planer for diakoni og trusopplæring. Hamar bispedømme refunderte 50 % av lønnsutgiftene.

Hamar Bispedømmeråd er arbeidsgjevar for sokneprest. Sokneprest Elisabeth Torp arbeider ca 40 %. Paul Skuland var vikarprest t.o.m. 30.6. Knut Farstad hadde prestepreksis her i 6 veker. Vikarprester i enkelttenester fram til Roar Bredvei starta som prostiprest 1.11 med Dovre og Dombås som arbeidsområde.

Helse, miljø og sikkerheit

Abeidsmiljø og samarbeid er tilfredstillande. Sjukefraværet var 7,4 %, dette er ikkje arbeidsrelatert. Andel kvinner i staben ved årsskifte er 37,5 %. Ingen avvik etter tilsyn og servicekontroller.

Stabstur 3. november

Hamar Bispedømme tildelte i 2021 tilskudd til kyrkjestabane – post-korona. Midlane skulle brukast til stabsbyggande tiltak, til dømes sosiale samankomster, måltidsfelleskap, evt. fagleg arbeid m.v. for både fellesrådstilsette og prester. Dovre fekk 8.000 kr. Staben bestemte tur til Åndalsnes med opplevingar og god mat.

Program:

- Minibuss frå Klukkarhaugen til Åndalsnes.
- Turiststopp ved Kyllingbrua og Trollveggen.
- Gondoltur fra Åndalsnes til Nesaksla.
- Lunsj på Eggen restaurant og tur i flott haustvær.
- Omvisning i Kors kirke og på Kors gamle kirkegård.
- Middag og kaffe på Nordre Flatmark.
- Retur med minibuss til Dovre.



Og alle var enige om at det var ein flott dag!

Representasjon, møter og kurs

Representasjon


- Guri Ruste er medlem i KAs landsråd.
- Elin Marit er styremedlem i Hamar kirkevergelag.

Kurs for tilsette


- Korte webinar om ulike tema.
- Arbeidsveiledning: Vidar og Elin Marit.

Informasjonsarbeid


- **Kyrkjeblad for Dovre** kom ut med fire nummer som blir sendt til alle husstandar i Dovre, til utanbygdsbuande som tingar det og til fleire kyrkjekontor. Bladet kan også fungere som ei årsmelding over det som skjer i kyrkjene og for kyrkjelyden.




Tema: Dåp og påske



Tema: Konfirmasjon og pinse



Tema: Vigsel



Tema: Advent, jul og drop-in

- **Årsmelding 2020** delt ut til kommunestyret og på kyrkjelydsmøtet i juni.
- **Heimeside**
Kunngjering om kva som skjer, generell informasjon om dei kyrkjelege handlingane, kontakt-informasjon, informasjon om råd og rådspapir.
- **Facebook**
Digitale helsingar til påske og til 17. mai vart publisert her og på heimesida. Informasjon om gudstenester og aktiviteter.
- **Plakater og annonser** om gudstenester og konsertar.

Mediaomtale

- **Kyrkjene, aktiviteter m.m.**

- Norsk husflid: Sølvsmeden (*Stort oppslag om Havstad Tinn med omtale og bilde av altarsølvet frå Dombås kyrkje*)
- Vårt Land 26.1: Har hjemmekontor på kirkegården: Diakon Ingunn Liseter flytter hjemmekontoret ut.
- Vigga 18.2: Minnelundar er ein veksande trend: Foreløpig ingen planar i Lesja og Dovre
- GD 25.2: Minneparken i Dombås sentrum: Vil ha skatepark her
- Vigga 25.2: Uenighet rundt beliggenheten til skateparken til tross: Bred politisk støtte.
- Vigga 18.3: Om fastetida: Ei tid for å sjå og handle. Kronikk av Solveig Fiske.
- GD 18.5: Disse fem fikk applaus. Fire unge konfirmanter sto i fokus da både solskinn og folk åpnet nasjonaldagen på Dovreskogen
- Vigga 21.5: Utstilling på Maihaugen med lokale kirketekstiler
(*bilde av alterbrunn i Dovre kyrkje*)
- Vårt Land mai: *Bilde av Solveig Fiske framfor Dombås kyrkje i to nyheitssaker.*
- Vårt Land 29.5 Borgny Svalastogs liturgiske drakter åpner for fantasien
(*bilde og omtale av altarbrunnen i Dovre kyrkje*)
- GD 12.6: Intervju med Borgny Svalastog og hennar utstilling
- Familien 12-21: Vakker kirkekunst (*bilde og omtale av vår alterbrunn*)
- Vigga 22.7 Moddi med melodiar frå sin pilegrimsferd: - lagar songar for ei ny tid (*konsert i Eysteinkyrkja*)
- Vigga 7.10: Silje, Lars og jakten på det forsvunne veggteppet (*Heknaveven*)
- Vigga 21.10: Kan få for lite plass neste år (*Dovre barnehage og Klukkarhaugen*)
- Vigga 28.10: Anne-Mari (31) ble ordinert til prest: En litt spesiell presteordinasjon (*Anne-Mari Bjølverud Aas i Strinda kirke*)
- Vigga 4.11: Under halvparten av norske kirker har tyverialarm
- Vigga 25.11: *Bilde fra Sentralplassen med Dombås kyrkje*
- Vigga 25.11: Drop-in bryllup på Dovre: Nå kan du gifte deg på nyttårsaften (*og presentasjon av Roar*)
- GD 8.12: Slik kan nye Dombås kirke bli: - En veldig meningsfull jobb
- Vigga 2.12: Arkitekten viste fram sine ideer for Dombås kirke: - Som å hoppe etter Wirkola
- Vigga 23.12: Organisten som hjalp over 2000 Dovringer til verden (*Anne Almlil*)
- Vigga 23.12: Utegodsteneste og julespel på Sentralplassen
- Vigga 9.12: Sindre både komponerer og arrangerer sjøl
- Vigga 2.12: Markerte adventstiden (*bilde av fakkeltog fra Dovre kyrkje*)
- Vigga 2.12: Travel konsertmånad (*omtale av 4 kyrkjekonsertar og Rakkarpakk*)
- Vigga 30.12: Bryllup i Dovre (*nettutgaven*)

- **Dombås kyrkje – brann**

GD:

- 20.1 Brannstifter må møte i retten igjen
- 3.2 Sognepresten inne i Dombås kirke første gang siden brannen:
 - Sterkt å se hva vi har mistet.
- 11.2 Tiltalt for kirkebrannene tilstår og ber bygdafolket om unnskyldning
- 13.2 Aktor vil ha fem års fengsel etter kirkebrannene på Dombås og Sel:
 - Store verdier tapt.
- 13.2 Det sto om ti minutter
- 5.3 Kirkebrannen på Dombås: Dømt til fire års fengsel.
- 22.9 Dømt for kirkebrannen på Dombås: Skal ikke sone i fengsel
- 28.9 Forsvarer om klient i kirkebrannsakene:
 - Krevende at han ikke anses som syk

Vigga:

- 7.1: Årskavalkade: Kirkebrann på Dombås.
- 21.1. Skal opp i retten igjen neste måned
- 4.2 Sognepresten tok første steg inn i brannruinene: - Det er sterkt å se hva vi har mistet.
- 18.2 Rettsaken om kirkebrannen: Tiltalte beklaget handlingen sine: Vil ha fem års fengsel for tiltalte. Tilståelsen på vektlegges.
- 25.2 Markerte årsdagen for brannen i Dombås kirke: - Det vil ta tid
- 11.3 Dommen er klar: Fikk fire år for kirkebrann
- 18.3 Her er arkitektens forslag til nye Dombås kirke:
 - Skal bli nytt, men gjenkjennelig
- 2.9 Bli med innenfor duken:
 - Slik ser det ut i Dombås kirke nå: - Håper på åpning i 2022
- 23.9 Kirkebrannstifteren anken dommen: Dømt til tvunget psykisk helsevern

Vårt Land:

- 6.3 Mann dømt til fengsel for kirkebrannen på Dombås
- 18.10 Plastpakket kirke lyser opp etter mørk tid

NRK Distrikstnyheter:

mars Konfirmantene, kirketjener og sokneprest tidsvitner i Dombås kyrkje

Fagbladet:

- 12.11 Intervju med rådsleder, kyrkjetener, tidlegare sokneprest

Sokneprestens tilbakeblikk på 2021

Det er et privilegium å være sokneprest i Dovre og Dombås sokn. Det har allerede gått vel 2 år siden biskopen var på visitas hos oss. Som del av biskopens visitas holdt hun visitasforedrag med 10 punkter. Etter det har det vært en oppfølgingssamtale med representant for biskop, prost og vi 3 lederne i våre lokale kyrkjelyder. Et hovedanliggende både for biskopen og oss i Dovre og Dombås var gudstjenestedeltakelsen som har vært lav over tid. På denne bakgrunn formulerte biskopen som første punkt denne utfordringen:

1. Sjå på gudstjenestene i års-hjulet til sokna, med tanke på å finne anledningar som kan gje folk en ekstra grunn til å koma.

Tross pandemi og kyrkjebrann.

Raskt etter biskopens visitas brant Dombås kyrkje og pandemien slo ut. Likevel har vi gjennom pandemiens begrensninger holdt kyrkjene våre åpne. Gjennom pandemien har vi derfor så godt vi kan arbeidet etter denne utfordringen på tross av de mange begrensningene pandemien har lagt på oss. Eksempler er utvikling er Vårønn-messe med førsteklasingene i samarbeid med det lokale bondelaget og Lucia- og ettårsfeiring av årets dåpsbarn midt i adventstiden. I tråd med forslag til lokal diakoniplan er det lagt opp til at gudstjenestene ofte avsluttes med kirkekaffe som gir god anledning til samtaler og utvikling av fellesskapet i kyrkjelyden og oss sambygdingar imellom.

Et påbegynt arbeid for å øke oppslutningen om de regulære gudstjenestene.

Utfordringene pandemien har gitt oss har krevd stor grad av kreativitet og pågangsmot av stab og råd for å gjennomføre gudstjenester, kyrkjelege handlinger og det byggende liv i kyrkjelydene. Dette pågangsmot vi har hatt gjennom pandemien må vi nå etterpå også ta videre slik at vi gjennom grundig arbeid med års-hjulet utvikler gudstjenestelivet slik at flere og flere finner gode grunner til å søke kyrkjene våre gjennom året.

Konfirmantfokus.

De tre konfirmantkullene som er berørt av pandemien har fått nærmest optimal konfirmanttid takket være ansatte, frivillige og god dialog med konfirmantene, deres foresatte og skole/smittevern. Slik har det også vært for konfirmantkullene i 2021. De har i tillegg til omfattende undervisning, gudstjenestemedvirkning, ulike opplevelser og 2 konfirmanthelg-turer henholdsvis på Dovrefjell og i Trondheim hvor

Nidaros biskop ledet konfirmantene inn den siste etappen av pilegrimsleden til mottakelsesmesse i Nidarosdomen.

Kyrkjelege handlinger.

En god statistikk på kyrkjelege handlinger, dvs dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd, har preget soknene Dovre og Dombås over tid. På slutten av 2021 ble det tatt initiativ til Drop-In-bryllup i Dovre kyrkje på nyttårskvelden. Det førte til at 8 par meldte seg. Ett par ble viet 2. juledag i Eysteinkyrkja og 7 par ble viet i Dovre kyrkje nyttårsaften. I desember tok vi også initiativ til Drop-In dåp. Det var ingen respons. Kanskje er det slik at vi her i Dovre tross pandemi likevel er lav terskel til å melde og gjennomføre dåp.

Møtene og samtalene med bygdefolket i forbindelse med kirkelige handlinger styrker båndet til kyrkja og kyrkjestaben. Fellesskapet i kyrkjene i gjennomføring av de kyrkjelege handlingene og er viktig for å bygge kyrkjelyden vår.

Kyrkjestallen.


Kyrkjestallen har utover å være et viktig kyrkjerom jul og påske også etablert seg som et velegnet utendørs kyrkjerom og møtested for barnehage og skole også utover pandemitider. Disse erfaringene av dialog mellom kyrkje og bygd har vi forventninger om å videreføre i den nye Dombås kyrkje.



Gudstenesteliv

Også 2021 var prega av Korona-pandemien. Det medførte meirarbeid med smittevern, reinhald, registreringar osv. Stadig regel-endringar skapte utfordringar for planlegging.

Tross alt, svært mykje vart gjennomført i Dovre, om enn i mindre omfang og med færre mennesker til stades enn til vanleg. Kyrkjestaben produserte digitale gudstenester til påske og 17. mai.



Dombås sokn manglar kyrkjerommet sitt. Møterommet på Dombås hotell krev meir kreativitet og «rigging» for å bli eit kyrkjerom for gudstenester. Kyrkjestallen har vore eit fint tilbud for aktiviteter som kan være utandørs, særskilt ved påske og jul, og som informasjon- og bønnestad i sommer. Gravferder i Dovre kyrkje med gravlegging på Dombås kyrkjegard er meir krevjande for familie og deltakande og krev meir-arbeid.

Gudstenester

- 60 gudstenester på søn- og helligdager - 1644 deltakarar.
- 19 gudstenester på andre dager - 598 deltakarar.
- 10 gudstenester med nattverd - 155 nattverdsgjester.
- 19 gudstenester med dåp.
- 10 eigne dåpsgudstenester.
- 14 gudstenester på søn- og helligdager avlyst: 5 i januar, alle 6 i påska og 3 i april.
- Førjulsamling for Dovre barneskule måtte avlysast pga. strengare smittevernreglar som kom rett i forkant da planlagt opplegg gjekk på kryss av klasser/kohorter.

46 gudstenester i kyrkjene (Dovre kyrkje og Eysteinkyrkja), 1 på Fredheim, 19 andre stader (Tollevshaugen, ved Kyrkjestallen og på Dombås hotell) .

Særskilte gudstenester:

- 21. mars på Dombås hotell: Tema Ensomhet/felleskap, forbilder og mørke/ljos. Filmen «Mor visste ingenting» av Anita Killi vist. Musikk ved Hubertus Huijs.
- Folkemusikkmesse i Dovre kyrkje 13. juni.
- Hausttakke-gudstenester i alle tre kyrkjene.
- Konfirmantpresentasjon 19. september, Dovre og Dombås.
- 24. oktober: Innsetting prostiprest Roar Bredvei ved prost Birgitte Betzrød. Gudbrandsdal FN-veteranforening og konfirmanter/bøssebærere i TV-aksjonen deltok.

Solistar og medverkande ved gudstenester

- Martin Berg: 4 konfirmasjonsgudstenester (Dovre kyrkje 5. juni, 21. og 28. august, og Eysteinkyrkja 28. august), innsetting av prostiprest 24. oktober, skulegudsteneste 17. desember ved Kyrkjestallen, juleaften Dombås, høgtidsmesse 25. desember i Dovre kyrkje.
- Ann Mari Ruste: Luciagudsteneste 12. desember i Dovre kyrkje, juleaften Fredheim og 2. juledag i Eysteinkyrkja.
- Folkemusikkmesse 13. juni: Mads Erik Odde, Marit Rusten, Dovre spelmannslag og Dovre folkedanslag.
- Tolleivshaugmessa 11. juli: Ola Jon Angard, Inge Høie og Harald Elvestad.
- Ingeborg Dalheim: Helgemesse i Dovre kyrkje 7. november. + digital produksjon
- Ola Jon Angard: Juleaften Fredheim.
- Vårønmesse 2. mai: Bjørnhild Vigerust fra Dovre bondelag.
- Konfirmantar.



Hildrun Granseth har pynta til hausttakkefest

Digitale gudstenester

- Daglege helsingar og gudstenester til påske.
- 17. mai-gudsteneste.

Andakter og tidebønner

- 19 andakter i Fredheim kapell på onsdager – 228 deltakarar. Tema for andaktene følger året, m.a. hausttakkefest.
- 4 avdelingsvise andakter juleaften med prest, musiker og sanger – 60 deltakarar.
- 8 kveldsbønner «Rom for bøn og stille» i Dovre kyrkje – 40 deltakarar.
- Musikkandakt i påska da dei ordinære gudstenester vart avlyst pga. korona. Organist Jørgen Brandli og prostiprest Paul Skuland hadde ope kyrkje (Dovre) med ljostenning, bøn og orgelmusikk langfredag og påskeaften.
- 2 andakter/gudstenester i andres regi (Pilegrimsgrupper) - 19 deltakarar.

Bibelsamtaler

14 kvelder – 98 deltakande.

Andre tilbud

- Sokneprest og konfirmantane deltok på samlingar/markeringer utandørs 17. mai på Dovreskogen, ved Fredheim og i Minneparken.
- Sokneprest heldt tale ved julegateopning på Dovre og på Dombås.



Kyrkjelege handlingar

- 20 dåp gjennomført i Dovre kyrkje og Eysteinkyrkja, av desse var 10 utanbygdsbuande. 7 dovrebarn er døypt i andre sokn. 17 dovringer døypt i 2021.
- 15 konfirmanter, 10 i Dombås sokn og 5 i Dovre sokn. God oppslutning.
- 12 konfirmert i Dovre kyrkje og 3 i Eysteinkyrkja. 4 konfirmasjonsgudstenester, ei om våren og tre om hausten.
- 12 vigsel og 1 forbønns handling. 429 deltok. Tilbudet om drop-in-vigsel fekk stor respons; eit par 2. juledag og heile 7 par nyårsaftan.
- 29 gravferdsseremoniar, av desse to utanbygdsbuande. Til saman 1500 til stades. 26 kistegravleggingar og 3 kremasjonar.
- 18 gravlagt på Dombås kyrkjegard: 16 kister og 2 urner.
- 13 gravlagt på Dovre kyrkjegard: 11 kister og 2 urner.



Pynta til drop-in-vigsel i Dovre kyrkje

Trusopplæring - barn og unge

Kyrkjelyden skal tilby om lag 320 timer trusopplæring i perioden 0-18 år. Konfirmanttida utgjør minimum 60 timer.

Arrangementa blir omtale i kyrkjebladet og alle døpte får invitasjon i posten. Som følge av endringar i høve mellom stat og kyrkje og at Kyrkjelova er erstatta av Trossamfunnslova, har vi ikkje lenger oversikt over «tilhøyrande». Foresatte kan registrere sine barn som «trusopplærings-abonnenter». Alle barn er velkomne, også dei som ikkje er medlemmer.

Dåpsbarn og familie

- Dåpsamtale med innanbygdsbuande foreldre. 4 i Dovre og 11 Dombås sokn.
- Dåpsljøs utdelt til kvar einskild dåpsbarn.
- Dåpsbarn med familie invitert til Luciafeiring i og ved Dovre kyrkje 12. desember.



Babysang


- Det har ikkje vore ressursar til å arrangere babysang.

Kirkerottene (film/teater)

- Ikkje gjennomført.

Mi kyrkjebok til 4-åringar

- Mi kyrkjebok med arbeidsbok utdelt til fireåringane 1. søndag i advent 28.11.
- 10 barn (77%) i Dombås og 5 barn (100%) i Dovre kom og fekk boka.



«Fra jord til bord» for 6 og 7-åringar

- Vårnmesse 2. mai. 1 barn på Dovre og 4 barn på Dombås.



- Tema i båe barnehagene for alle 6-åringar.
- Hausttakkefest i Eysteinkyrkja 12. september. 13 barn med foreldre deltok.



Skulestartmarkering og 10-års dåpsjubileum

- Ikkje gjennomført i opprinneleg form.

Mi kyrkjebok til 6-åringar

- Mi kyrkjebok med arbeidsbok utdelt til 6-åringane på hausttakkefest på fjellet.
- 5 barn (63 %) i Dombås og 1 barn (11 %) i Dovre kom og fekk boka.



Tårnagent

- 9- og 10-åringar får hemmeleg invitasjon til å være tårnagent, og løyser oppdrag og mysterium. Fellessamling i Dovre kyrkje med gudsteneste 21. mars, Maria bodskapsdag.
- 13 agenter (42 %). Konfirmant Odin var med som spesialagent.



”Ljosvaken”

- Ikkje gjennomført i år – ingen påmeldte.

Konfirmantar

- Helgetur til Trondheim 7.-9. mai. Program: Pilegrimsvandring saman med biskop Herborg, aktivitetar på Arena Trondheim, gudsteneste i Nidarosdomen der Dovre-konfirmantane deltok.
- Helgesamling på Hageseter/Hjerkinn 15.-17. oktober: Program: Historisk vandring ved Solveig Anmarkrud, tema vennskap, opplæring i Martin Luthers morgen- og kveldsbønn, gudsteneste i Eysteinkyrkja.
- Kvardagssamlingar om ulike tema.
- Førebuing og gjennomføring av samtalegudsteneste, hausttakkefest med presentasjon, ljostmesse i desember, førjulsgudsteneste for ungdomsskulen.
- Medhjelparar på gudstenester.



Ungdomsarbeid 15 - 18 år:

- Ikkje leiartrening då konfirmantleiren i prostiet vart avlyst. Ingen prostisamlinger.

Samarbeid mellom kyrkja og barnehage/skule

- Sokneprest hadde møter og kontakt for planlegging av tilbud og tiltak.
- Dovre og Dombås barnehage:
 - Besøk av prest og organist før påske.
 - Påskegudsteneste i kyrkja/kyrkjestallen. Barna hadde med egg til påsketreet.
 - Besøk av prest før sommer (6-åringene).
 - Besøk av prest før jul.
 - Gudsteneste i kyrkja/kyrkjestallen før jul.
- Dovre og Dombås barneskule
 - 4. trinn på båe barneskulane deltok på samling i kyrkja/ved kyrkjestallen før påske.
 - Planlagte samlinger før jul måtte avlysast pga. strengare smittevernreglar.
- Dovre ungdomsskule:
 - Gudsteneste ved kyrkjestallen. Konfirmantane dramatiserte juleevangeliet.

Diakoni

- Sokneprest er fast medlem i kommunens psykososiale kriseteam.
- 1 soknebud og 35 sjelesorgsamtaler ved prest.
- Kyrkjeverge eller sekretær har samtaler med alle familier for å førebu gravferd.
- Samtaler og møter.
- Kyrkjekaffe og andre møtepunkter.

Konsertar og andre kulturarrangement

Hamar Bispedømme ga tilskudd til kulturelle arrangement i kyrkjene i førjulsperioda. Kulturtiltakene skulle være eit gjenopningstiltak som treffer bredda i folkekyrkja. Midlene kunne brukast til ein eller fleire konsertar samt styrking av kyrkjemusikken under gudstenestene. DKR valgte å bruke midlane (om lag 18.000) på to eigne konsertar med unge musikarar, der nokre var lokale.

- Ope kyrkje i Dovre med orgelmusikk: 4 laurdagar 26. juni, 3. juli, 10. juli, 17. juli samt torsdag 22. juli. Totalt 53 til stades.
- Konsert i Dovre kyrkje 1. juli. 28 til stades.
- Konsert med Moddi 16. juli i Eysteinkyrja. 25 til stades.
- Konsert i Dovre kyrkje 4. desember: Folkemusikk/feleslåtter frå Nord-Gudbrandsdalen arrangert av Sindre for gitar og mandolin. Sindre Drogen og August Næss Jørgensen. 30 til stades.
- Konsert i Dovre kyrkje 10. desember med Rakkarpakk + Tvilde. Norske julesongar og folkemusikk. Folkemusikktrio med Martin Steinum Brun, Vera Sonne og Victoria Oftestad. Amalie Kinsarvik Tvilde på toradar. 40 til stades.

Utlån/utleige av kyrkjer til konsertar og kultur

- Dovre kyrkje 8. juli: Konsert.
- Dovre kyrkje 6. oktober: Omvisning for Hjerleid (50).
- Dovre kyrkje desember: Konsertar i regi av Dombås musikkforening, Mukampen spelmannslag og Dovrejul. Dei måtte avlysast pga. smittevernreglane.

Ope kyrkjer

DKR og Pilegrimssenter Dovrefjell heldt Eysteinkyrkja ope i perioda 26. juni – 8. august, dagleg kl. 10 - kl. 19. Pilegrimssenteret hadde ope om eftan 20.6 - 29.8. Tidebønn kl. 18.30. **3266 besøkande, av desse 356 pilegrimer.**

Dovre kyrkje hadde eit utealtar ved bårhuset. Det var også oppslag om at det var mogleg å sende SMS til sokneprest Elisabeth Torp som organiserte opning. 7 besøk og totalt 25 personer.



Kyrkjestallen ved Dombås kyrkje hadde informasjon om kyrkja og bønner.

I samband med 10-års markering av terror-handlinga 22. juli, ringte kyrkjeklokkene i Dovre kyrkje kl. 12.00 etterfulgt av ope kyrkje med orgelmusikk.

Andre kyrkjelydsaktivitetar

Kyrkjelydsmøte 7. juni

Presentasjon av medarbeiderundersøking og årsmelding. Servering. Om lag 20. personar.

Medarbeiderkveld 10. desember

Konsert med Rakkarpakk og mat i Dovre kyrkje. Om lag 40 deltok.

Konfirmantjubileum

Jubileum i 2020 måtte utsettast, så dette året vart to kull inviterte. Det vart derfor valgt å dele jubileet på to dagar og to arrangement. Dei frammøtte gav uttrykk for stor takksemd for at kyrkja inviterer og ordnar konfirmantjubileum.



60- og 70-årsjubileum 28. august, gudsteneste og middag på Dombås hotell



50-årsjubileum 12. september, gudsteneste i Dovre kyrkje og middag på Toftemo

Kyrjekaffe

Smittesituasjonen har gjort at det har vore vanskeleg å ha «mingle-kyrkjekaffe» i kyrkja etter gudstenestene dette året.

Desto trivelegare var det å kunne tilby kyrkjekaffe etter desse gudstenestene: Vårnmesse 2.5, setermesse Tollevshaugen 11.7, hausttakkefest Eysteinkyrkja 12.9, hausttakkefest med konfirmantpresentasjon 19.9 Dovre og Dombås, konfirmanthelgmesse Eysteinkyrkja 23.10, innsetting av prostiprest 24.10 (Toftemo), helgemesse Dovre 7.11 (Klukkanhaugen), første søndag i advent 28.11 Dovre og Dombås, Luciafeiring Dovre 12.12.

KYRKJER OG KYRKJEGARDER

Brannskade Dombås kyrkje

Sanering av skade:


- Takstein er tatt av og vurdert for evt. gjenbruk. Det blir ny skiferstein på alle tak.
- Orgel og alt inventar er fjerna. Kor-møbler blir luktsanert med tankje på gjenbruk.
- Alt trevirke er enten fjerna eller luktsanert.
- Murpussen innvendig er fjerna.
- Hulltaking av murveggar for luktsanering.
- Produksjon av nytt rammeverk (det som var skadd).
- Luktsanering av bygget nesten heilt ferdig før jul.
- Rydding, støvsuging m.m.
- Kyrkjesølv, messehaklar og kyrkjeklokker luktsanert og renoverert.

Planlegging av «nye Dombås kyrkje

- Arkitekt Erik Fenstad Langdalen har presentert prinsipp for gjenkjennelse og fornying, tegninger for 1. og 2. etasje og skisser til nye benker og stolar.
- Foreløpig budsjett for kostnader pga. byggherre-valgte endringer.
- Arbeidsgruppe nedsatt for å utgreie kunstnerisk utsmykning.
- Slukkeanalyse (vurdering av automatisk slukkeanlegg) og prosjektering av varmeanlegg er i gang.
- 5 informasjonsmøter og fleire artiklar på heimesida og i Kyrkjebladet.

Vedtatt:

- Ny planløsning for kyrkjebenkane og med stolar i midtpartiet.
- Nye trapper frå sideskip til galleri.
- Lagerrom og barnealter i sideskipet.
- Større sakristi med betre planløsning og møblering.
- Det eine galleriet blir rom for undervisning, møter m.m.



Sikringsprosjekt

- Montert lynvernanlegg på Eysteinkyrkja.
- Fått 300.000 kr frå Riksantikvaren til utbetring av el-anlegg i Dovre kyrkje.

Vedlikehald

Dovre kyrkje:

- Kontroll og skifte av øydelagt takskifer.
- Montert zink-band på mønet for å hindre mosegroing.
- Overflatebehandling av taktro og loftsvindauga.
- Flikking av kyrkjebenker (måling står att).
- Reparert dørhengsler til kyrkjebenkene.
- Kontroll kyrkjeklokker, el-anlegg og sprinkelanlegget.
- Sjekka vegggheller innunder veggplatene og fjerna kaiereir i vegg-mellomrom.
- Sjekka tårn, tak, nedløp og kjellar ved regnvær.

Eysteinkyrkja:

- Utbetring av 3 skada benker.
- Breiare hyller i safèen, inkl. stativ til dåpsfatet, samt nytt golv der.
- Kontroll kyrkjeklokker og el-anlegg.
- Sjekka tårn, tak og nedløp ved regnvær.
- Fjerne fuglereir ved inngangen (desse kyrkjefuglane finn seg stadig nye stader).

Dombås kyrkjegard:

- Overflatebehandling av vindauga og utstikkere på servicebygget.
- Fortsetter målinga av gjerdet - eit tidkrevjande arbeid.

Utstilling av altarbrunnen i Dovre kyrkje

Altarbrunnen var med på utstillinga av Borgny Svalastogs kyrkjekunst 1984-2021 «Dine boliger er med kjær» på Maihaugen, 22.5-19.9. Bilde av alterbrunnen i Dovre kyrkje var med i Maihaugens hefte med presentasjonen av utstillinga samt mediaomtale i Vigga, GD og Vårt Land.

Borgny Svalastog omtalar altarbrunnen i Dovre kyrkje som «noe av det vakreste jeg har gjort». Og det seier ikkje så reint lite. Vi har all grunn til å være stolt over dette kunstverket! At alterbrunnen kom til Dovre kyrkje, er pga. kyrkjeverge Andgard si store interesse for kyrkjetekstiler og dialog med Svalastog.



Hjerteleg takk til alle som har deltatt og bidratt i 2021!

ØKONOMI

Om regnskapet

Regnskapet er ført av Dovre kommunes økonomikontor i samsvar med forskrift om økonomiforvaltning for kyrkjeleg fellesråd. Revidert av Innlandet Revisjon.

Driftsinntektene var kr 5.038.663 (inkl. renter) og driftsutgiftene kr 4.803.616. Etter netto avsetning til bundne fond (kr 38.758) og overføring til investeringsregnskapet (kr 56.997) er driftsregnskapet avslutta med eit mindreforbruk på kr 139.292.

Balanse pr. 31.12.2021

Investeringar

<u>Investering</u>	<u>Netto</u>	<u>Finansiering</u>
--------------------	--------------	---------------------

Kommentarer

Driftsregnskap

Kommentarer

Driftsregnskap

Regnskap-2020

Budsjett-2020

Regnskap-2019

Dovre 16. februar 2022

Elin Marit Andgard, kyrkjeverge